



Dok. ref.
13/194-3/K1-210//BEH

Dato:
15.02.2013

REGLEMENT FOR INVESTERINGSPROSJEKT

1. OVERORDNA RAMMER

- Reglementet er vedteke av kommunestyret med heimel i lov av 25. september 1992 nr. 107 om kommunar og fylkeskommunar, § 48 nr. 1 og 2 og forskrift av 15. desember 2000 om årsregnskap og årsmelding med merknader og seinare endringar.
- Rettleiing om «budsjettering av investeringar og avslutning av investeringsregnskap» utgitt av KRD oktober 2011.
- Reglementet gjeld for folkevalde organ, administrasjonen (derunder kommunale føretak etter kommunelovas kapittel 11) og styret for interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27.

2. FORMÅL

- Reglementet skal gje retningslinjer slik at alle investeringsprosjekt får sams handsaming, både politisk og administrativt.

3. DEFINISJON AV INVESTERINGSPROSJEKT

- Varige driftsmidlar som fast eigedom, bygningar, anlegg, inventar, utstyr, transportmidlar, maskiner mv. som er venta å bli brukt meir enn ein regnskapsperiode (1 år).
- Innkjøpskostnad må være på minimum kr 100.000 (total anskaffingskost for investeringsprosjektet i byggjeperioden), og ha ei økonomisk levetid på minst 3 år rekna frå kjøpstidspunktet.
- Reglementet gjeld også utgifter til påkost. (jfr. KRS 4 (F): «Avgrensinga mellom driftsregnskapet og investeringsregnskapet»).

Som påkost reknar ein utgifter som anten:

- forlenga forventet økonomisk levetid til eit anleggsmiddel,
- aukar kapasiteten eller funksjonalitet
- utvidar eller endrar bruksområdet
- vert sett på som å auke bruksverdien,

utover utgifter som følgjer av normal slitasje og elde.

Som påkost vert også klassifisert tiltak relatert til utvikling av potensialet i eit anleggsmiddel. Dette kan vera arbeid som vert utført for å endra eit anleggsmiddel sine funksjonar, arealbruk eller standard, samt arbeid som vert utført for å heva anleggsmiddelet sin attraktivitet og/eller verdi.

4. BEHOVSUTGREIING

- Rådmannen har ansvar for å ta initiativ til å leggja fram ønska behov for investeringar. Det skal ligge føre ei utgreiing som skal innehalda:
 - 1) Analyse med behov
 - 2) Funksjonsframstilling, til dømes romprogram med netto arealbehov
 - 3) Alternative løysingar – til dømes om arealbehova bør søkjast realisert ved ombygging, tilbygg eller nybygg, eventuelt som del av eit større investeringsprosjekt. Dette bør vurderast opp mot leige eller OPS (offentleg/privat samarbeid)
 - 4) Lokalisering
 - 5) Forventa kostnadsramme, med konsekvensar for driftsbudsjettet (rente- og avdragsutgifter, drifts- og framtidige vedlikehaldsutgifter)

5. POLITISKE VEDTAK FØR IGANGSETJING

- Utgifter til investeringsprosjekt skal takast med ved rullering av økonomiplan. Sjølve vedtaket kan formulerast slik:
 - 1) Forslag til økonomiplan for perioden 20x4 – 20x8 vert vedteke.
 - 2) Rådmannen får fullmakt til å innarbeida dei økonomiske konsekvensane av det vedtekte årsbudsjettet i økonomiplanen.

(Dersom økonomiplanen vert handsama særskilt på eit tidlegare tidspunkt i året enn budsjettet, vil det første året i økonomiplanen gje rammer for vedkommande år, medan sjølve budsjettvedtaket vert gitt i samband med handsaming av budsjettet.)
- Berre unntaksvis kan utgifter til einskilde investeringsprosjekt takast med i årsbudsjett eller fremjast som enkeltsak. I slike høve er det naudsynt med ny handsaming av økonomiplanen.
- Før investeringsprosjekt kan setjast i gang må finansiering vera i orden og teke med i det einskilde budsjettåret.
- Arbeid med forprosjekt og detaljprosjektering skal følgja parallelt med prosessane, og skal ha milepelar opp mot desse.
- Der kommunestyret vedtek investeringsprosjekt som inneber stor grad av utryggleik i høve til økonomi eller tid, skal rådmannen rapportera fortlaupande til kommunestyret (sjå eige punkt om samanhengande rapportering nr. 14), og be om tilleggslyvingar der det er naudsynt.
- Det er budsjettet som er styrande for når ein kan setta i gang prosjektet, og prosjektet skal vera budsjettert på riktig år. Investeringsprosjektet skal som hovudregel setjast i gong det året det er budsjettert.
- Vedtaket skal innehalda:
 - 1) Utgifter til forprosjekt der dette er påkravd.
 - 2) Utgiftsramme for heile investeringsprosjektet basert på eit realistisk utgiftsoverslag. Konsekvensar for driftsbudsjettet inklusiv framtidige finans-, forvaltnings, drifts- og

vedlikehaldsutgifter skal spesifiserast. Investeringsbudsjettet er eittårig, altså årsuavhengig. Ein skal budsjettere med det ein realistisk reknar med vil bli brukt det enkelte år, og årsbudsjettet er bindande for underordna organ.

- Det er ikkje høve til å nettobudsjettera. Tilskot eller gåver som ikkje er handsama eller varsla kan ikkje brukast til å auke investeringsramma utan kommunestyret si godkjenning.
- Budsjettet (brutto utgifter og inntekter) skal vera på prosjektnivå med unntak av ”sekkeløyvingar” til overordna planformål, som kan løyvast med ramme.
 - 1) For investeringar som er løyvd med rammebudsjett skal Formannskapet delegera fullmakt til det organet som skal fordela løyvinga ytterlegare. Denne fordelinga vert ikkje sett som ein del av budsjettvedtaket, men skal rapporterast på same måte som andre investeringsprosjekt.
- For alle einskilde investeringar med total utgiftsramme på meir enn kr 1 000 000, skal det leggjast fram forventa plan for framdrift.
- Prosjektansvarleg skal vera fastsett ved namn eller stilling.

6. OPPFØLGING AV INVESTERINGSPROSJEKT

- For investeringsprosjekt som går over fleire budsjettår, må den delen av utgiftene til prosjektet som ein forventar realistisk blir brukt i det aktuelle budsjettåret, takast inn i investeringsbudsjettet. Løyvingar til resterande del av utgiftene til eit fleirårig prosjekt må deretter takast inn i dei påfølgande årsbudsjetta i takt med prosjektet si framdrift, og i høve til gjeldande økonomiplan. Vidare må ein regulera budsjettet for det som står att som ubrukt dersom prosjektet held fram.
- Investeringsprosjekt som ikkje blir sett i gong i budsjettåret eller som dreg uhøveleg langt ut i tid, skal vurderast på nytt i økonomiplan- og budsjettsamheng.
- Ved rullering av økonomiplanen skal det kvart år gjerast ny vurdering av det enkelte investeringsprosjekt i høve til lønns- og prisvekst og konsekvensar for driftsbudsjettet i høve til renter/avdrag, forvaltning, drift og vedlikehald.
- Prosjektansvarleg er ansvarleg for at prosjektet vert realisert.
- Prosjektansvarleg må ha dei naudsynte fullmakter for å forplikte kommunen innfor ramma sett i løyvinga investeringsprosjektet har fått. Slik fullmakt må vere gjeve gjennom kommunen sitt delegasjonsreglement.
- Prosjektansvarleg er ansvarleg for:
 - 1) Framdriftsplan
 - 2) Økonomisk styring
 - 3) Rapportering
 - 4) Utarbeiding av sluttrekneskap

7. FORPROSJEKT

- Når det ligg føre vedtak om forprosjekt skal prosjektansvarleg utarbeida framlegg til spesifisert byggeprogram med overslag over totale utgifter.
- Med bakgrunn i dette byggeprogrammet og utgiftsoverslaget blir det:
 - 1) Engasjert arkitekt og/eller konsulent dersom ein ikkje bruker eigen kompetanse, alternativt å tillysa arkitektkonkurranse, prosjektkonkurranse eller liknande.

- 2) Oppretta prosjektgruppe som består av representantar frå dei einingane som er involvert i investeringsprosjektet, samt representant frå brukarane av den tenesta som prosjektet vedkjem (mottakar av prosjektet).
- Det endelege materialet til forprosjekt skal innehalda:
 - 1) Saksutgreiing.
 - 2) Teikningar/kart og anna dokumentasjon om utsjånad og plassering.
 - 3) Framstilling av bygningsmessig standard og tekniske installasjonar.
 - 4) Anslag over utgifter på grunnlag av erfaringstal, lagt fram i høve til kommunen sin gjeldande kontoplan. Anslag over utgifter skal omfatte eventuelle tomteutgifter/gebyr, inventar, anlegg utomhus, forventa løns- og prisstigning i planleggings-/byggeperioden, samt kostnader til eventuell utsmykking.
 - 5) Risikovurdering i høve til prosjektet sin grad av kompleksitet og dei røynsler ein har med tilsvarende prosjekt. Dette kan gjelda eigedomstilhøve, grunntilhøve, bygningstekniske problemstillingar og anna som ein ikkje kan få kjennskap til før arbeidet er sett i gang.
 - 6) Konsekvens for forvaltning, drift og vedlikehald etter ferdigstilling med forventa driftsbudsjettmessige endringar.
 - 7) Forventa framdriftsplan for vidare prosjektarbeid og bygging.
 - 8) I saksframlegget bør det gå fram på kva måte ein skal innhenta anbod/tilbod.

8. DETALJPROSJEKT

- Detaljprosjektering vert sett i verk når forprosjektet er vedteke av kommunestyret.
- Dersom kommunestyret si utgiftsramme for hovudprosjektet er for låg, gitt dei utrekningar som er gjort i forprosjektet, må saka leggjast fram for kommunestyret for ny politisk handsaming før prosjektet vert sett i gang.
- Før saka vert lagt fram for kommunestyret skal ein forsøkja finna løysingar slik at ein kan gjennomføra investeringsprosjektet innanfor den opphavlege utgiftsramma.
- Ved detaljprosjektering må ein sjå til at:
 - 1) Byggjeløyve blir innhenta, med dette alle godkjenningar frå offentlege instansar
 - 2) Anbod/tilbod på det planlagde arbeidet må hentast inn innanfor gjeldande regelverk og retningsliner (LOA, kommunen sitt innkjøpsreglement)
 - 3) Med bakgrunn i anbod/tilbod blir overslag over utgifter og framdriftsplan lagt fram for politisk handsaming

9. BYGGESTART

- Byggeleiar skal innhentast ved behov.
- Før investeringsprosjektet startar opp, skal prosjektansvarleg sjå til at naudsynte kontraktar med entreprenør(ar) og leverandør(ar) er inngått, og at alle kontraktar har klausular knytt til handtering av avvik.
- Endeleg framdrifts- og betalingsplan skal sendast administrasjonen (leiar for tekniske tenester samt økonomiavdelinga).
- Dersom kommunen står på ROBEEK kan ikkje investeringsprosjekt setjast i gang før fylkesmannen har gitt si godkjenning.

- All finansiering må vera på plass.

10. OPPFØLGING I BYGGETIDA

- Det skal sjåast til at byggearbeidet blir utført innanfor gjeldande regelverk og budsjetttramme, samt at byggerekneskapen er innretta på ein slik måte at ein til ei kvar tid har full oversikt.
- Prosjektansvarleg skal fortløpande vera i stand til å rapportera framdrift og ressurspådrag.

11. PROSJEKTREKNESKAP

- Det skal utarbeidast eige prosjektrekneskap for kvart investeringsprosjekt. Budsjettvedtak som skal dekke fleire investeringar skal førast med ulike prosjektnummer.
- Det skal budsjetterast på lågast mogleg nivå (brutto utgifter og inntekter), slik at det er råd å hente ut prosjektrapportar som gjer det mogleg å analysa avvik mellom budsjett og rekneskap¹.
- Prosjektrekneskapen bør settast opp i høve til spesifikasjonane i anbod/tilbod.
- Prosjektrekneskapen bør visa kva som er opphavleg løyving, og kva som er tilleggsloyvingar
- Oppfølging av totalramma på prosjekta skjer i prosjektrekneskapen, og ikkje ved årsbudsjettet. Alle investeringsprosjekt skal rapporterast i samband med den periodiske rapporteringa i kommunen (driftsrapportar, tertialrapport, finansrapport). Rapportering skal skje både på framdrift og ressursbruk.

12. TILLEGGSLOYVING

- Dersom eit investeringsprosjekt treng tilleggsloyving skal det leggjast fram sak for kommunestyret med forslag til finansiering før budsjettet er brukt opp.
- Rådmannen får fullmakt til å stoppe eit investeringsprosjekt dersom løyvinga er brukt opp, og sak ennå ikkje er lagt fram for kommunestyret.
- Det må gjerast ei vurdering om økonomiplanen skal rullerast i samband med tilleggsloyving.

13. OVERTAKING

- Investeringsprosjektet er ferdig når ein har skrive under overtakingsforretning, eller at kjøpar (kommunen) har overteke det fulle ansvar (ansvar og risiko er overført).
- Det skal utarbeidast dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald for prosjektet før overtakingsforretning vert avslutta.

14. LAUPANDE RAPPORTERING AV REKNESKAPEN GJENNOM ÅRET

-
- ¹ For investeringsprosjekt som går over fleire budsjettår må det takast inn i investeringsbudsjettet den delen av utgiftene til prosjektet som ein forventar realistisk blir brukt i det aktuelle budsjettåret. Løyvingar til resterande del av utgiftene til eit fleirårig prosjekt må deretter takast inn i dei påfølgjande årsbudsjetta i takt med prosjektet si framdrift. Vidare må ein regulera budsjettet for det som står att som ubrukt dersom prosjektet held fram.

- Det skal gjerast ei laupande rapportering til kommunestyret. Rapporteringa til kommunestyret skal gjevast med jamne mellomrom, og minst to gonger per år, dvs. per tertial.
- Det skal gjerast greie for utviklinga i inntekter og utgifter i høve til det vedtekne årsbudsjettet.
- I den laupande rapporteringa skal det som eit minimum visast laupande utgifter (rekneskap - tidlegare år og hittil i år) og kostnadsramme (opphavleg og justert budsjett), avvik samt endringar i prognose dersom det viser seg å vera behov for å justera desse. I høve til rettleiar om budsjettering av investeringar og avslutning av investeringsrekneskap utgitt av KRD oktober 2011 er det tilrådd at ein berre skal fokusera på avvik frå budsjettet. Dette for å gje eit betre skilje mellom oppfølging av budsjett og oppfølging av sjølv prosjektrekneskapen, som bør leggjast fram som eiga sak.
- Dersom det ligg føre nemneverdige avvik frå årets budsjett, skal rådmannen fremja forslag til korrigerande tiltak.
- Nemneverdig avvik er avvik frå forventa ressurspådrag for perioden, eller tilsvarande avvik i leveranse eller framdrift, som vil få følgjer for ferdigstilling av investeringa innanfor dei vedtekne rammer i budsjett og økonomiplan.
- Korrigerande tiltak vert innarbeidd som ein del av tertialrapporten, eventuelt som eiga sak dersom det er naudsynt å saldere eller gje tilleggsføring.

15. AVVIK

- Prosjektansvarleg skal sjå til at investeringsprosjektet vert gjennomført i høve til dei rammer som er lagt for prosjektet. Alle avvik som oppstår i prosjektperioden, og som får følgjer for gjennomføringa av prosjektet i tid, kvalitet eller ressursbruk skal rapporterast frå prosjektansvarleg til administrasjonen utan atterhald.
- Avvik i leveranse frå leverandør av varer og/eller teneste skal handterast i høve til kontrakt.
- Brot på reglementet for investering skal rapporterast til rådmannen. Rådmannen skal vurdere kva betyding avviket har fått for prosjektet og/eller kommunen, og vurdere vidare konsekvensar.

16. SLUTTREKNESKAP

- Det skal utarbeidast sluttrekneskap for alle investeringsprosjekt.
- Eit sluttrekneskap for investeringsprosjekta er den endelege rapporteringa av prosjektutgiftene.
- Forutan å vedta sluttrekneskapen, skal det i tillegg gjerast ei vurdering av utgiftene opp mot den justerte kostnadsramma. («Korleis endra investeringsprosjektet i høve til planane?») Avvik og årsaka til avvika skal noterast i eigne kolonnar.
- Prosjektansvarleg skal ha utarbeidd sluttrekneskap for sine investeringsprosjekt og lagt dette fram for kommunestyret seinast 6 månader etter at overtakingsforretning har funne stad, eller når ansvar og risiko er overført.
- Sluttrekneskapen bør settast opp i høve til spesifikasjonane i anbod/tilbod.
- Sluttrekneskapen bør visa kva som er opphavleg løyving, kva som er tilleggsføring, rekneskap og avvik.

- Dersom det kjem utgifter etter at sluttrekneskapen er framlagt, og dette ikkje vert dekkja av reglane om garanti, må eventuelle tilleggsutgifter heimlast i eige budsjettvedtak og rapporterast i samsvar med kommunens reglar i høve til dette reglementet.
- Dekking av udekt/disponering av ubrukte midlar vert gjort i samband med årsavslutning av investeringsrekneskapen, eventuelt i samband med budsjettjusteringssaker. Heller ikkje samla innsparingar vil vere aktuelt å handsama i prosjektsamanheng.

17. FINANSIERING AV INVESTERINGSREKNESKAPEN

Rådmannen får fullmakt til å finansiere årets investeringsutgifter med følgjande kjelder for finansiering:

- 1) Årets investeringsinntekter (tilskot og sal av anleggsmidlar m.m.)
- 2) Bruk av bundne investeringsfond (dette er øyremerkta midlar og skal brukast til det formålet dei er tiltenkt når ein har pådrege seg utgifter). Rekkefølge på andre kjelder for finansiering er valfri.

Med unntak av midlar som er reservert særskilte formål i høve til lov, forskrift eller avtale med gjevar, vert desse nytta til felles finansiering av investeringsprosjekta, og vert ikkje fordelt på enkeltprosjekt.

18. FINANSIELLE LEIGEAFTALAR

Finansielle leigeavtalar (til dømes leasing av bilar eller andre anleggsmidlar) skal handsamast som andre investeringar, og må handsamast av kommunestyret.

19. REBUDSJETTERING

Dersom det skjer endringar i budsjettåret som kan få betydning for dei inntekter og utgifter som årsbudsjettet bygger på, skal kommunestyret gjennomføra naudsynte endringar i budsjettet. Ved vesentleg svikt i budsjetterte inntekter eller ved vesentleg auke i budsjetterte utgifter skal rådmannen straks leggja fram sak, slik at kommunestyret får vedteke nødvendige endringar i årsbudsjettet.

Vedtak om endringar vil også vera påkravd sjølv om den totale budsjettbalansen ikkje er endra.

Forseinkingar eller forsering av investeringsprosjekt som påverkar dei løyvingar kommunestyret har gjort, vert innarbeidd i eit revidert budsjett når avvika tilseier det. Tilsvarende gjeld for forventningar om auke/reduksjon i utgifter eller inntekter. I høve til dette må budsjetterte prosjekt som ikkje er sett i verk eller fullført innanfor planlagt budsjettår takast med i årsbudsjettet for påfølgande år, anten i det ordinære budsjettvedtaket eller i samband med ei budsjettregulering.

20. FULLMAKT TIL LÅNEOPPTAK

Kommunestyret vedtek sjølv ramme for opptak av lån. For resterande bruk av lån nyttast konto for ubrukte lånemidlar. Avsetjing og bruk må vedtakast av kommunestyret.

Rådmannen får delegert fullmakt til å ta opp lån og godta rentetilhøve og andre tilhøve for nye lån til investeringsprosjekt i høve til budsjettet, samt underteikna lånedokumenta. Avdragstida vert tilpassa reglane i kommunelova § 50 nr. 7 a)

21. NOTE OM INVESTERINGSPROSJEKT

- Som note til årsrekneskapen skal det takast med ei oversikt over investeringane som viser større pågåande prosjekt knytt til nybygg og anleggsinvesteringar.
- I høve til rettleiar om budsjettering av investeringar og avslutning av investeringsrekneskap utgitt av KRD oktober 2011, bør noten innehalda år for oppstart, forventa år for ferdigstilling, rekneskapsførte tal frå tidlegare år, rekneskapsført i år og sum rekneskapsført for enkeltprosjekt/rammer.

22. OPPLYSNINGAR I ÅRSMELDINGA

- Vesentlege avvik skal omtalast i årsmeldinga. Her vil det vera aktuelt å omtala avvik gjennom året som skuldast tidsforskuving, kostnadsoverskridingar eller – innsparingar, eller andre avvik frå føresetnadene i budsjettet. Vesentlege avvik frå totalkostnadsramme skal omtalast særskilt.
- Avvik frå budsjettet på inntektssida skal knytast til rekneskapsskjema 2A, som er på totalnivå.

Vedteke av Øygarden kommunestyre 13.02.13 – Sak 004/13